



MØTEPROTOKOLL

Utval: Formannskapet
Møtedato: 11.11.2015 og 12.11.2015
Møtetid: 09:00-16.00 - 9.00-15.30
Møtestad: Kommunehuset

Av 9 medlemmer møtte 9, inkludert varamedlemmer.

Desse medlemmene møtte ikkje:	I staden møtte:
Nils Aadland (Ap) den 11-12.11.15 Arild Røen (H) den 11.11.15	Harald Boge (Ap) den 11-12.11.15 Sture Tveit (H) den 11.11.15

Andre som var til stades på møtet:

11.11.15; Rådmann Ramsli, Ass.rådmann Våge. Teknisk driftssjef Kulleseid sak 32. Økonomisjef frå sak 33. Sektorleiar Hjartnes og Ragnhildstveit under sak 37. Sektorleiar Boge frå sak 36.
12.11.15; Dagleg leiar kyrkja/kyrkjeverje B. Haukanes frå 9.00-10.00. Rådmann Ramsli, Ass.rådmann Våge, Økonomisjef Erdal og sektorleiar Boge under heile møtet.

Møteleiar:	Knut Harald Frøland (BL)
Møtesekretær:	Hilde-Lill Våge

Merknader:

Knut Harald Frøland var ugild under sak 36/15

Orienteringar/meldingar:	Rådmannen orienterte om at dagleg leiar for kyrkja/kyrkjeverge kjem og orienterer formannskapet om kyrkjestyret sitt framlegg til budsjett dag 2. Ordførar orienterte om ferie i februar. Formannskapet slutta seg til det.
Utvalet sitt kvarter:	<u>Sture Tveit (H)</u> stilte spørsmål om MPG v/Strømmen er invitert til budsjettmøtet, slik at alle parti kunne vera representert. Ordførar orienterte om at det var han ikkje. Rådmannen orienterte om at formannskapet er eit formelt valt organ der medlemmane har talerett og vedtaksmynde. Budsjettmøtet er eit ope møte for tilhøyrarar og andre politikarar. <u>Monica Tjønnna (Sp)</u> Etterspurte møte med vegvesenet om fartsgrenser og prioriteringar på vegane. Rådmannen orienterte om at dette vert det arbeid med. <u>Olaug Øystese (Ap)</u> spurte om kommunen har søkt om

	midlar til utgreiingsarbeid i samband med kommunesamanslåing. Rådmannen orienterte om at det kjem sak til kommunestyret, 26 nov.
Dokument utlevert i møtet:	Presentasjonar frå budsjetthandsaminga (epost) og kostnadsoverslag i vegsaka.

Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:

Tysse, 19.11.2015

Underskrift utvalsleiar

Underskrift møtesekretær

Desse sakene vart handsama:

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
031/15	15/871	Faste saker	
032/15	15/864	Nedklassifisering av kommunale vegar til privat veg med privat drift- og vedlikehaldsansvar	
033/15	15/860	Kommunale avgifter og gebyr 2016	
034/15	11/95	Kommunalt tilskot til private barnehagar 2016	
035/15	15/713	Bir Privat - renovasjonsavgift 2016	
036/15	10/336	Husleige kommunale bygg 2016	
037/15	15/508	Budsjett 2016	
038/15	15/867	Økonomiplan 2016 - 2019	
039/15	15/866	Vedtekter for Samnanger kommune - Standard abonnementsvilkår for vatn og avløp	
040/15	11/271	Deltaking i statleg forsøksprosjekt omsorgstenestene	
041/15	12/722	Vedtekter for sakkunnig nemnd for eigedomsskatt og klagenemnd	
042/15	15/878	Godtgjersle til politisk valde	
043/15	15/478	Lokale lønsforhandlingar 2015	

SAKNR. 031/15
FASTE SAKER

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
 - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
-

11.11.2015 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Møteinnkalling og saklista vart godkjent med følgjande tilleggssaker 42 og 43. Desse vart handsama før budsjettsak 37 vart endeleg vedteke.

FORM-031/15 VEDTAK:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent med følgjande tilleggsaker; 42 og 43.
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering

SAKNR. 032/15

NEDKLASSISIFISERING AV KOMMUNALE VEGAR TIL PRIVAT VEG MED PRIVAT DRIFT- OG VEDLIKEHALDSANSVAR

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Ut frå dei prinsippa som er lagt til grunn vert følgjande vegar vert nedklassifisert til privat veg med privat drift- og vedlikehaldsansvar (*nr i parentes viser til bilde i vedlegget*);

- Raunkleivvegen (1 og 2)
- Teigabrekka –Reistadstølen (5,1017,1019)
- Bygdavegen frå krysset til Heiane fram til Steintveit (6)
- Vågabygda (1023)
- Haukanesvegen 258, 260, 262 (10,11)
- Stikkveg frå Nesjavegen 9 til gangvegen (12)
- Haga – frå fv136 til Tyssevegen 115 (15)
- Frå fv 134 til Nyutletræ (1049)
- Frå 134 - Tysselandsvegen – Tysselandsbrua (19)
- Totlandsvegen (1043)
- Totlandsvegen - Frøland skule (20)
- Frå fv 7 – Jarland og mot Haug/Holmane (21)
- Fjellheimsvegen (1039)
- Indre Tysse (1040)
- Fv 48 –Gaupholm (25a,25b)
- Fv – Gaupholm Kai (25 c,25d)
- Sandvik (26)

Det skal verta henta inn uttale frå brukarane av dei vegane som vert tilrådd nedlagt i denne saka. Saka vert kunngjort og lagt ut på høyring med 4 vekers frist.

Vedtak om nedlegging av kommunale vegar vert gjort med heimel i veglova. Det er ikkje klagerett på slike saker i følgje veglova. Nedlegging av kommunale vegar gjeld frå det tidspunkt kommunestyret bestemmer.

11.11.2015 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Olaug Øystese (Ap) sette fram følgjande utsettingsframlegg: ” Saka vert utsett og sendt vidare til ei samferdselsnemnd som utarbeidar saka grundigare”.

Monica Tjønnå (Sp) sette fram følgjande (fellesframlegg: Sp, bl, frp, ap, H, KrF) utsettingsframlegg: ” NEDKLASSISIFISERING AV KOMMUNALE VEGAR TIL PRIVAT VEG. Saka vert utsett til første formannskapsmøte i 2016.

Til då skal administrasjonen utfylla saksutgreiinga på desse punkta:

- Bruken av kriterium må gjerast klarare og meir konsekvent. Dette gjeld t.d. "samfunnsmessig nyttig", "allmenn nytte"
- Det må koma klarare fram kva innsparingar og utgifter kommunen får.
- Det må lagast ein tidsplan for gjennomføringa”

Formannskapet drøfta utsettingsframlegga. Øystese (Ap) trekte sitt framlegg. Det vart røysta over framlegget til Tjønnå (Sp), som vart samrøystes vedteke.

FORM-032/15 VEDTAK:

NEDKLASSISIFISERING AV KOMMUNALE VEGAR TIL PRIVAT VEG.

Saka vert utsett til første formannskapsmøte i 2016.

Til då skal administrasjonen utfylla saksutgreiinga på desse punkta:

- Bruken av kriterium må gjerast klarare og meir konsekvent. Dette gjeld t.d. "samfunnsmessig nyttig", "allmenn nytte"
- Det må koma klarare fram kva innsparingar og utgifter kommunen får.
- Det må lagast ein tidsplan for gjennomføringa.

SAKNR. 033/15

KOMMUNALE AVGIFTER OG GEBYR 2016

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunale avgifter og gebyr for 2016 vert fastsett i samsvar med vedlagte oversikt. Satsar knytt til praktisk bistand i heimen vert regulert i samsvar med staten sine maksimumssatsar.

11.11.2015 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Formannskapet drøfta gebyra og avgiftene slik dei ligg i framlegget. Framlegget vart samrøystes vedteke.

FORM-033/15 VEDTAK:

Kommunale avgifter og gebyr for 2016 vert fastsett i samsvar med vedlagte oversikt. Satsar knytt til praktisk bistand i heimen vert regulert i samsvar med staten sine maksimumssatsar.

SAKNR. 034/15

KOMMUNALT TILSKOT TIL PRIVATE BARNEHAGAR 2016

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med tilskotssats på 100% av kommunalsats og omrekna med det talet barn som er i Aadland gards- og friluftsbarnehage vert det budsjetterte tilskotsatsane for 2016 følgjande;

		Tilskot pr heiltidsplass
Driftstilskot 0 - 2* år	Små born omrekna til heiltidsplassar	195 152
Driftstilskot 3* - 6 år	Store born omrekna til heiltidsplassar	94 282
Kapitaltilskot	<u>Sum born omrekna til heiltidsplassar</u>	Statleg sats ikkje kjent

Vedtaket er gjort med heimel i *Forskrift om likeverdig behandling ved tildeling av offentlige tilskudd til ikke-kommunale barnehager §§ 4 og 5.*

Kommunen skal kunngjere forslag til tilskotsatsar i samband med at årsbudsjettet vert lagt ut til offentlig ettersyn, og skal før 1. februar i budsjettåret underrette dei ikkje-kommunale barnehagane om fastsette tilskotsatsar for driftskostnader.

11.11.2015 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Rådmann sette fram følgjande tillegg til tilrådinga: ” Statleg sats for kapitaltilskot er no kunngjort, og lagt inn med kr. 9.500 i rådmannen sitt framlegg. ”
Framlegget inkl. statleg sats vart samrøyses vedteke.

FORM-034/15 VEDTAK:

Med tilskotssats på 100% av kommunalsats og omrekna med det talet barn som er i Aadland gards- og friluftsbarnehage vert det budsjetterte tilskotsatsane for 2016 følgjande;

		Tilskot pr heiltidsplass
Driftstilskot 0 - 2* år	Små born omrekna til heiltidsplassar	195 152
Driftstilskot 3* - 6 år	Store born omrekna til heiltidsplassar	94 282
Kapitaltilskot	<u>Sum born omrekna til heiltidsplassar</u>	9 500

Vedtaket er gjort med heimel i *Forskrift om likeverdig behandling ved tildeling av offentlige tilskudd til ikke-kommunale barnehager §§ 4 og 5.*

Kommunen skal kunngjere forslag til tilskotsatsar i samband med at årsbudsjettet vert lagt ut til offentlig ettersyn, og skal før 1. februar i budsjettåret underrette dei ikkje-kommunale barnehagane om fastsette tilskotsatsar for driftskostnader.

SAKNR. 035/15
BIR PRIVAT - RENOVASJONSAVGIFT 2016

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Samnanger kommune vedtek at BIR Privat AS vert delegert fullmakt til fakturering og innkrevjing av avfallsgebyret på vegne av SK jfr § 12 i Forskrift om handtering av avfall frå hushaldning. Avfallsgebyret tilhøyrer SK.
2. Samnanger kommune vedtek at prisen på renovasjonstenesta for 2016 vert satt opp med 2,4 %. Beløpet for ein minimumskunde vert då kr. 1546,20 for 12 tømingar pr. halvår, + eit tillegg på kr. 26,60 pr. restavfallstøming utover dette. Bossnettpåslag pr. bueining kr. 153,30. Alle prisar er eks. mva.

11.11.2015 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Framlegget vart samrøystes vedteke.

FORM-035/15 VEDTAK:

1. Samnanger kommune vedtek at BIR Privat AS vert delegert fullmakt til fakturering og innkrevjing av avfallsgebyret på vegne av SK jfr § 12 i Forskrift om handtering av avfall frå hushaldning. Avfallsgebyret tilhøyrer SK.
2. Samnanger kommune vedtek at prisen på renovasjonstenesta for 2016 vert satt opp med 2,4 %. Beløpet for ein minimumskunde vert då kr. 1546,20 for 12 tømingar pr. halvår, + eit tillegg på kr. 26,60 pr. restavfallstøming utover dette. Bossnettpåslag pr. bueining kr. 153,30. Alle prisar er eks. mva.

SAKNR. 036/15
HUSLEIGE KOMMUNALE BYGG 2016

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Husleigene i kommunale bygg vert regulert i samsvar med tabelloppsettet i saksutgreiinga

11.11.2015 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Ordførar, Knut Harald Frøland (Bl) bad om å få vurdert sin habilitet sidan han er ektemake til leigetakar i eit av bygga. Han vart samrøystes vurdert ugild og gjekk ifrå, jfr FVL § 6. Varaordførar Ø.Røen (Sp) overtok som møteleiar. Framlegget frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

FORM-036/15 VEDTAK:

Husleigene i kommunale bygg vert regulert i samsvar med tabelloppsettet nedanfor, lik tabellen i saksutgreiinga.

Stad	Adresse		Husleige 2015	Husleige 2016	%-auke
Skottabakken	Reistadliane	7, 9, 15 og 17	5 540	5 820	5,05 %
Skottabakken	Reistadliane	11	5 835	6 130	5,06 %
Skottabakken	Reistadliane	15b	3 980	4 180	5,03 %
Skottabakken	Reistadliane	13	4 725	4 965	5,08 %

Hamnahaugen	Tyssevegen	88-90	5 170	5 430	5,03 %
Hamnahaugen	Tyssevegen	92-94	5 595	5 875	5,00 %
Hamnahaugen	Tyssevegen	96-104	5 835	6 130	5,06 %
Skjervo	Ytre-Haga	2-12	4 245	4 460	5,06 %
Hagamulen	Tyssevegen	184, 1.etasje	4 670	4 905	5,03 %
Hagamulen	Tyssevegen	184, 2.etasje	4 460	4 685	5,04 %
Hus på Lønnebakken	Lønnebakken	31	8 490	8 915	5,01 %
Helsetunet, fysioterapaut			7 780	8 170	5,01 %
Næringsbygg Bjørkheim	Blomster	inkl.mva	6 375	6 600	3,53 %
Næringsbygg Bjørkheim	Mat, mm	inkl.mva	6 135	6 480	5,62 %

SAKNR. 037/15 BUDSJETT 2016

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til budsjett for 2016 vert vedteke slik det ligg føre med vedlegg budsjettskjema 1A, 2A, 1 B drift, hovudoversikt drift, hovudoversikt investering og detaljar investering .

Kommunen betaler i dag meir i avdrag på lån enn det som det er krav om. Utrekning viser at betaling av avdrag kan reduserast med 1 mill. kroner i 2016. Dette er lagt til grunn i budsjettframlegget og kommunen må søkja Kommunalbanken om avdragsutsetjing på 1 mill. kroner. Løpetida på lånet/ låna skal forlengast.

I medhald av eigedomsskattelova §§ 2 og 3 skal fylgjande utskrivingsalternativ nyttast for skatteåret 2016:

Den generelle skattesatsen som skal gjelda for dei skattepliktige eigedomane vert sett til 7 promille. I medhald av eigedomsskattelova §12 bokstav a vert satsane differensiert ved at den satsen som skal gjelda for bustader og fritidseigedomar vert sett til 2,4 promille.

For bustaddelen av eigedomen (gjeld og fritidseigedom) vert det gitt eit botnfrådrag på kr 100 000 av takstverdi. Botnfrådraget vert gitt for alle sjølvstendige bustaddelar. Botnfrådrag vert ikkje gitt når eigedomen vert nytta til næringsverksemd.

I medhald av eigedomsskattelova § 7 bokstav a vert det gitt fritak til stiftingar eller institusjonar som har som formål å gagna kommunen, fylke eller staten. Unnateke er kommersielle stiftingar/ institusjonar. Fritaket vil gjelda forsamlingshus, bedehus, turisthytter og liknande, sjå vedlagt liste. Fritak kan og vurderast på grunnlag av søknad.

I medhald av eigedomsskattelova § 7 bokstav b vert det gitt fritak for bygningar som har historisk verdi med 100 prosent, sjå vedlagt liste. Fritak kan og vurderast på grunnlag av søknad. Det er eit krav at bygget har bevart sin opphavlege arkitektoniske stil og at det ikkje vert brukt til forretningsverksemd.

I medhald av eigedomsskattelova § 7 bokstav c vert det gitt fritak for nybygde bustadeigedomar (gjeld ikkje fritidseigedomar) i 1 år, eller til kommunestyret endrar eller opphevar fritaket. Fritaket

gjeld bygg der det vert starta bygging i 2015 eller seinare. Formannskapet får fullmakt til å avgjera einskildsaker om skattefritak.

Bustadar med formuesgrunnlag frå skatteetaten vil først bli skattelagt 2 år etter at bygget er ferdig.

Kommunestyret har i sak 14/14 vedtatt å bruka formuesgrunnlag frå skatteetaten for utskriving av eigedomsskatt på bustadhus. Bustadhus og hytter utan formuesgrunnlag vert takserte. Det same gjeld næringsverksemd, tomtar mm. Utskriving av eigedomsskatt for 2016 er basert på takstar frå taksering i 2012 for ”verk og bruk” og frå 2014/2015 for bustadhus, hytter, næringseigedomar mm. Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt nyttar kommunen dei til ei kvar tid gjeldande skattevedtekter.

Eigedomsskatten skal betalast i 4. terminar.

11.11.2015 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet:

Dag 1, den 11.11.15 - Driftsbudsjettet

Formannskapet fekk presentert v/økonomisjefen oppbygginga av budsjettet generelt. Ho gjennomgikk og hovudområda i budsjettframlegget til rådmannen. Deretter presenterte tre av sektorleiarane sine område og kva som ligg i budsjettframlegget.

Formannskapet drøfta om det var mogleg å auke inntektene – som td tilskot Enova, andre tilskot (stat, fylkeskommune, fylkesmann, fond) fleire abonnentar, justera eigedomsskatten, mm.

Sture Tveit (H) varsla at han ville sette fram eit framlegg om å auka vedlikehalds- / investeringsbudsjettet til kyrkjestyret.

Dag 2, den 12.11.15 – Drøfting av kyrkjebudsjettet og investeringsbudsjettet

Kyrkjeverja orienterte om kyrkjestyret sitt budsjettframlegg.

Olaug Øystese (Ap) stilte spørsmål om habiliteten til Øyvind Røen (Sp).

Utvalet fekk informasjon om gildskapet til Røen som er ektefelle til kyrkjeverje. Røen gjekk ifrå og eit samrøystes formannskap fann Røen gild.

Formannskapet fortsette å drøfte vedlikehaldsbudsjettet til kyrkja og finansiering av føreslegne tiltak.

Det vart ei pause i budsjettsaka.

Formannskapet handsama sak 42 – Godtgjersle ordførar og 43 – Lønn rådmann og assisterande rådmann.

Budsjettdrøftingane heldt fram, og sektorleiar for organisasjon orienterte om sektoren sitt budsjett.

Øyvind Røen (Sp) orienterte om at han er positiv til høgfartsbana og varsla at han ønskjer å fremje eit framlegg om å gje dei tilskot. Formannskapet slutta seg til at administrasjonen legg fram ei eiga sak på dette til budsjettmøtet i kommunestyret.

Olaug Øystese (Ap) varsla at ho vil komme attende med framlegg i kommunestyret på tiltak innanfor barnehage og Samnangerheimen.

Monica Tjønna (Sp) sette fram følgjande framlegg til kyrkjebudsjettet 2016: ”Frigjering av bundne midlar på kr. 60.000 slik at kyrkjestyret sjølv disponerer pengane til prioritert tiltak.” Det vart røysta over framlegget til Tjønna som vart samrøytet vedteke.

Dette vedtaket gjeld midlar som kommunestyret tidlegare har løyvd til reperatur av kyrkjetaket på Aadland.

Formannskapet røysta deretter over framlegget til driftsbudsjett frå rådmannen med vedteken endringar. Samrøystes vedteke.

Investeringsbudsjettet

Formannskapet starta deretter drøftinga av rådmannen sitt framlegg til investeringsbudsjett 2016. Formannskapet drøfta og bruken av fond Grøn konsesjon, sal av Erikajorda og framtidig dagsenter.

Odd Arna Haga (Frp) sette fram følgjande framlegg: ”Sum til bufellesskap på kr. 12.467.500 vert ståande i budsjettet, men formannskapet ønskjer ei utgreiing på evt. innsparingar/effektivisering med å få bygga på Haga.”

Det vart røysta over framlegget til Haga, som vart samrøystes vedteke.

Bygdalista, Senterpartiet og Framstegspartiet v/Odd Arna Haga (Frp) sette fram følgjande fellesframlegg: ”Samnangerheimen reserve og Samnangerheimen inventar og utstyr. Sum kr. 2.875.000 vert finansiert slik; 2.700.000 bruk av lån med avdragstid 40 år. Kr. 175.000 refundert MVA. Finansieringsutgiftene kr. 100.000 vert finansiert ved at utgifter konsulent vert reduserte med kr. 100.000 i driftsbudsjettet.”

Det vart røysta over framlegget som vart samrøystes vedteke.

Monica Tjønna (Sp) sette fram følgjande framlegg: ”Kr. 180.000 vert løyvd til kyrkjestyret og vert disponert til Aadlands- og Haga kyrkja, og finansiert frå fond Grøn konsesjon.

Det vart røysta for framlegget som vart samrøystes vedteke.

Odd Arne Haga (Frp) sette fram følgjande framlegg: ” Formannskapet ønskjer å få førelagt sak om alternativ vegløyving til Hagabotnane.”

Det vart røysta over framlegget som vart samrøystes vedteke.

Formannskapet røysta over rådmannen sitt framlegg til investeringsbudsjettet med vedteke endringar, som vart samrøystes vedteke.

Samla budsjettet for 2016 vart samrøystes vedteke.

FORM-037/15 VEDTAK:

Rådmannen sitt framlegg til budsjett for 2016 vert vedteke slik det ligg føre med vedlegg budsjettskjema 1A, 2A, 1 B drift, hovudoversikt drift, hovudoversikt investering og detaljar investering med følgjande endringar;

Driftsbudsjettet

- Kykjebudsjettet 2016 - Frigjering av bundne midlar på kr. 60.000 slik at kyrkjestyret sjølv disponerer pengane til prioritert tiltak.

Investeringsbudsjettet

- Sum til bufellesskap på kr. 12.467.500 vert ståande i budsjettet , men formannskapet ønskjer ei utgreiing på evt. Innsparingar/effektivisering med å få bygga på Haga.
- Tiltaka - Samnangerheimen reserve og Samnangerheimen inventar og utstyr - Sum kr. 2.875.000 vert finansiert slik; 2.700.000 bruk av lån med avdragstid 40 år. Kr. 175.000 refundert MVA. Finansieringsutgiftene kr. 100.000 vert finansiert ved at

utgifter konsulent vert reduserte med kr. 100.000 i driftsbudsjettet. *Lånet på 2,7 millionar vert teke opp over 40 år.*

- Kr. 180.000 vert løyvd til kyrkjestyret og vert disponert til Ådlands- og Haga kyrkja, finansiert frå fond Grøn konsesjon.
- Formannskapet ønskjer å få førelagt sak om alternativ vegløyising til Hagabotnane.

Kommunen betaler i dag meir i avdrag på lån enn det som det er krav om. Utrekning viser at betaling av avdrag kan reduserast med 1 mill. kroner i 2016. Dette er lagt til grunn i budsjettframlegget og kommunen må søkja Kommunalbanken om avdragsutsetting på 1 mill. kroner. Løpetida på lånet/ låna skal forlengast.

I medhald av eigedomsskattelova §§ 2 og 3 skal fylgjande utskrivingsalternativ nyttast for skatteåret 2016:

Den generelle skattesatsen som skal gjelda for dei skattepliktige eigedomane vert sett til 7 promille. I medhald av eigedomsskattelova §12 bokstav a vert satsane differensiert ved at den satsen som skal gjelda for bustader og fritidseigedomar vert sett til 2,4 promille.

For bustaddelen av eigedomen (gjeld og fritidseigedom) vert det gitt eit botnfrådrag på kr 100 000 av takstverdi. Botnfrådraget vert gitt for alle sjølvstendige bustaddelar. Botnfrådrag vert ikkje gitt når eigedomen vert nytta til næringsverksemd.

I medhald av eigedomsskattelova § 7 bokstav a vert det gitt fritak til stiftingar eller institusjonar som har som formål å gagna kommunen, fylke eller staten. Unnateke er kommersielle stiftingar/ institusjonar. Fritaket vil gjelda forsamlingshus, bedehus, turisthytter og liknande, sjå vedlagt liste. Fritak kan og vurderast på grunnlag av søknad.

I medhald av eigedomsskattelova § 7 bokstav b vert det gitt fritak for bygningar som har historisk verdi med 100 prosent, sjå vedlagt liste. Fritak kan og vurderast på grunnlag av søknad. Det er eit krav at bygget har bevart sin opphavlege arkitektoniske stil og at det ikkje vert brukt til forretningsverksemd.

I medhald av eigedomsskattelova § 7 bokstav c vert det gitt fritak for nybygde bustadeigedomar (gjeld ikkje fritidseigedomar) i 1 år, eller til kommunestyret endrar eller opphevar fritaket. Fritaket gjeld bygg der det vert starta bygging i 2015 eller seinare. Formannskapet får fullmakt til å avgjera einskildsaker om skattefritak. Bustadar med formuesgrunnlag frå skatteetaten vil først bli skattelagt 2 år etter at bygget er ferdig.

Kommunestyret har i sak 14/14 vedtatt å bruka formuesgrunnlag frå skatteetaten for utskriving av eigedomsskatt på bustadhus. Bustadhus og hytter utan formuesgrunnlag vert takserte. Det same gjeld næringsverksemd, tomter mm. Utskriving av eigedomsskatt for 2016 er basert på takstar frå taksering i 2012 for ”verk og bruk” og frå 2014/2015 for bustadhus, hytter, næringseigedomar mm.

Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt nyttar kommunen dei til ei kvar tid gjeldande skattevedtekter.

Eigedomsskatten skal betalast i 4. terminar.

SAKNR. 038/15
ØKONOMIPLAN 2016 - 2019

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til økonomiplan 2016 – 2019 vert vedteke.

11.11.2015 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Økonomiplanen vert korrigert i tråd med vedtekne endringar i budsjettet for 2016.

Økonomiplanen vart samrøystes vedteken.

FORM-038/15 VEDTAK:

Rådmannen sitt framlegg til økonomiplan 2016 – 2019 vert vedteke med dei vedtekne endringar i budsjettet for 2016.

SAKNR. 039/15

VEDTEKTER FOR SAMNANGER KOMMUNE - STANDARD ABONNEMENTSVILKÅR FOR VATN OG AVLØP

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Standarvilkår for vatn og avløp datert 11.11.15 vert vedtekne slik dei ligg føre.

11.11.2015 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Formannskapet drøfta saka. Administrasjonen rettar opp slik at tekst i er i samsvar med nye reglar i plan og bygningslova. Framlegget vart samrøystes vedteke.

FORM-039/15 VEDTAK:

Standarvilkår for vatn og avløp datert 11.11.15 vert vedtekne slik dei ligg føre.

SAKNR. 040/15

DELTAKING I STATLEG FORSØKSPROSJEKT OMSORGSTENESTENE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune søker om å ta del i forsøk med statleg finansiering av omsorgstenestene. Delar av meirinntektene vert nytta til å finansiera ei deltidsstilling ved forvaltningskontoret.

11.11.2015 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Framlegget vart samrøystes vedteke.

FORM-040/15 VEDTAK:

Samnanger kommune søker om å ta del i forsøk med statleg finansiering av omsorgstenestene. Delar av meirinntektene vert nytta til å finansiera ei deltidsstilling ved forvaltningskontoret.

SAKNR. 041/15

VEDTEKTER FOR SAKKUNNIG NEMND FOR EIGEDOMSSKATT OG KLAGENEMND

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Framlegg til nye eigedomsskattevedtekter vert vedteke slik det ligg føre. Dei nye vedtektene erstattar eigedomsskattetakstvedtektene som vart vedtekne 07.05.2014 og vil gjelda frå 01.12.2015

11.11.2015 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Framlegget vart samrøystes vedteke.

FORM-041/15 VEDTAK:

Framlegg til nye eigedomsskattevedtekter vert vedteke slik det ligg føre. Dei nye vedtektene erstattar eigedomsskattetakstvedtektene som vart vedtekne 07.05.2014 og vil gjelda frå 01.12.2015.

SAKNR. 042/15

GODTGJERSLE TIL POLITISK VALDE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan tilråding frå rådmannen

11.11.2015 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Formannskapet drøfta ordførargodtgjersla.

Arild Røen (H) sette fram følgjande framlegg:” Godtgjersle ordførar vert auka med kr.

30.000. Frå kr. 650.000 til kr. 680.000. Ambisjonen er at ordførar og rådmann skal ha lik løn i 2019. Andre godtgjersler vert regulert i samsvar med reglementet.”

Framlegget vart samrøystes vedteke.

FORM-042/15 VEDTAK:

Godtgjersle ordførar vert auka med kr. 30.000. Frå kr. 650.000 til kr.680.000. Ambisjonen er at ordførar og rådmann skal ha lik løn i 2019. Andre godtgjersler vert regulerte i samsvar med reglementet.

SAKNR. 043/15

LOKALE LØNSFORHANDLINGAR 2015

Formannskapet sitt vedtak:

11.11.2015 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Arild Røen (H) sette fram følgjande framlegg: ” Rådmann og assisterande rådmann får 2,0% i lønnsauke. Rådmann og assisterande rådmann får 3 ekstra feriedagar som kompensasjon for møteverksemd.”
Framlegget vart samrøystes vedteke.

FORM-043/15 VEDTAK:

Rådmann og assisterande rådmann år 2,0% i lønnsauke. Rådmann og assisterande rådmann får 3 ekstra fridagar som kompensasjon for møteverksemd.